

Kua på Skorpo er sendt til slakt.

19.09.2015



Det siste bilete vi tok av kua med kjendisstatus,- for to veker sidan. "Tunet det blå" i bakgrunnen.

**Den særmerkte og landskjende kua på Skorpo vart onsdag i denne veka sendt til slakt. Kua til Johannes Hauge var gamal og måtte avlivast mens ho enno var frisk og kunne gå.**

Det har vore skrive mykje om kua med horn der taggane vaks kvar sin veg. Ho gjekk fritt ut og inn av løa, var roleg og godsleg med alle som gjekk gjennom tunet.

I boka Høgt og lågt i Kvinnherad av Jan Rabben er det avsett to sider om Johannes i det gamle tunet med høner, sau og ei ku med kjendisstatus blant turfolk.

No er ikkje kua meir og det må vera eit sagn for bonden oppe i Skorpo å ikkje ha kua som ein del av det daglege livet på garden.

Tekst/foto: Kristian Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland